



Høgskolen i Hedmark

LUNA

Årsstudium i norsk – emne: Språk og samfunn – våren 2014

Merk: oppgåveordlydane finst berre i éi målform!

## **Eksamen (6 timar)**

**7. mai 2014, kl. 09.00-15.00**

### **Vel to av tre oppgåvedelar:**

Oppgåvesettet består av tre delar (A, B, C) med spørsmål frå pensumet for språkmodulen for årsstudiet i norsk (Språk og samfunn), slik det er spesifisert i studieplanen for denne studieeininga. Du skal velje to delar og skrive eitt av svara dine på bokmål og det andre svaret på nynorsk. *Alle delspørsmåla skal svarast på.* Du kan sjølv bestemme kva svar som skal vere på bokmål eller nynorsk. Samla arbeidstid per oppgåvedel: ca. 3 timar.

*Vi rår til å skrive nynorsksvaret først!*

### **Vekting:**

Dei to oppgåvedelane du har valt, tel likt i vurderinga og ved karaktersetjinga. Karaktersetjinga følgjer ECTS-skalaen og den norske kvalitative beskrivinga av bokstavkarakterane. *Begge oppgåvedelane må vurderast til bestått.*

### **Hjelpemiddel:**

Norsk-norsk ordliste/ordbok (utan egne merknader/markeringar).

---

### **OPPGÅVEDEL A:** Svar på a og b

- a. Peik på sentrale målmerke i dialektteksten frå Horten i Vestfold (vedlegg 1). Legg spesielt vekt på målmerke som viser at det er ein austnorsk dialekt.
- b. Mange språkforskarar meiner at det går mot ei forenkling og ei *regionalisering* av dialektane. Gjer *kort* greie for kva vi meiner med språkleg regionalisering. Teksten frå Horten i Vestfold er oppskrivne etter ein eldre person. Peik på særtrekk i denne teksten som du trur blir borte i ein slik forenkling- og regionaliseringsprosess, og sei noko om årsakene til dette.

### **OPPGÅVEDEL B:** Svar på a, b, c og d

- a. Omset til anten nynorsk eller bokmål tekstutdraget (linjene 1-6) frå *Ragnars saga* (vedlegg 2)
- b. Plukk ut 4 verb og 4 substantiv i norrønt frå den omsette teksten, og bestem grammatisk dei åtte ordformene.

For substantiva: kjønn, eintal el. fleirtal og kasus

For verba: sterkt el. svakt, tid, eintal el. fleirtal og person

- c. Kva meiner vi med *varietet*, *variabel* og *variant*? Gi døme på kvar av desse termene som òg viser tilhøvet mellom dei.
- d. Forklar omgrepa *register* og *registervariasjon*.

**OPPGÅVEDEL C:** Svar på a, b og c

- a. Kva for krav bør ein stille til ein skrifttekst for å kalle den funksjonell?
- b. Knud Knudsens (1812-1895) grunnleggjande tankar som gjeld arbeidet med å skape eit norsk skriftspråk
- c. Form ut nokre tankar om kva du ser på som viktige arbeids- og satsingsområde for å halde oppe norsk som skriftspråk i framtida